

INFORMASJON

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 3 SEPTEMBER 2022 80. ÅRGANG



*Ha ein fin haust!*



DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Fredrik Bråttvik

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Ass. kyrkjevjerje: Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjevjerje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjetenar/Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle og Leonard Subrescu

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Leonard

Subrescu (Førde og Naustdal) og

Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

## Nytt frå redaksjonen

Fredrik og Ine Bråttvik er nye i Sunnfjord. Det same er Sissel Vartdal, den nye kyrkje-  
verja. Du møter dei i bladet.

Å vere nyinnflytta har dei til felles med mange. Korleis kjennes det? Korleis finn ein seg tilrette på ein ny plass? Dei fleste fellesskap er avhengige av frivillige som har kapasitet til å skape møteplassar og gi plass til nye. Nyinnflytta, uansett alder, treng ein plass der ein blir tatt godt i mot og kan høyre til. Etterkvart får ein kanskje lyst og overskot til å bidra sjølv som frivillig.

Dette året skal frivillig arbeid løftast fram. Utan frivillig arbeid blir samfunnet fattig. Å kjenne seg utafar tar mykje energi og går ut over helsa. Difor er det vårt felles ansvar å bidra til at nye skal kjenne seg velkomne.

Er du ny i Naustdal, Førde, Holsen eller Haukedalen? Velkommen til kyrkja, i

songkor, i barne- og ungdomsarbeidet eller på 10-kaffien! Du finn oversikt over mykje av tilbodet bak i bladet.



*Annbjørg Eiksund Hesselberg er ny medarbeidar i Helg og Heim.*

Ei som har flytta heim til Naustdal etter mange år vekke, er Annbjørg Eiksund Hesselberg. Ho tok kontakt med Helg og Heim og meldte seg som skrivar, og ho har gjort det eine intervjuet i dette nummeret. No har ho óg blitt med i redaksjonen. Har du tips til noe Annbjørg eller vi andre bør skrive om?

**TAKK** til alle som nytta giroen i forrige nummer! Gløymde du det? Det er ikkje for seint å betale bladpengar! Sjå under om bladpengane og betaling.

Takk til annonsørane som støtter bladet!

*Helsing bladstyret.*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad,  
Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

#### Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

## Hugs bladpengar!

**Frivillig bladkontingent  
kr. 290,-**

#### Bankkonto:

**3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

**Utgjevingsplan  
2022**

**Nr. 4.**

Stofffrist: Onsdag 19.10.

I posten veke 47

Det kan

komme endringar



**Framsdebilde:** Fredrik og Ine Bråttvik – nye fjes i Førde. Foto: Annbjørg Eiksund Hesselberg.

## TIL ETTERTANKE

Tekst: INGVALD ANDERSEN FRØYEN, sokneprest i Førde, Holsen og Haukedalen

### *Bruk talenta!*

Vi er inne i eit år der vi nasjonalt skal ha fokus på frivilligheit. Ikkje berre i kyrkja, men i heile samfunnet. I kyrkja og det kristne organisasjonsarbeidet har dei frivillige alltid vore heilt sentrale på alle plan. I barne- og ungdomsarbeid, korarbeid og diakonale tenester har frivillige ikkje berre teke del, men ofte vore leiarar og drifta heilt utan hjelp frå tilsette.

Dette biletet har endra seg mykje dei siste 20 åra. I heile samfunnet har det vorte meir krevjande å få ungdom og vaksne til å gå inn i eit forpliktande ansvar over tid for å leie eller ta del i frivillig uløna arbeid.

For oss som kyrkje og lokalkyrkjelydar i Sunnfjord er dette ei stor utfordring. Difor ynskjer eg å invitere alle medlemmer i kyrkja vår til å ta aktivt del i lokalkyrkjelyden på ein eller annan måte. Ikkje fordi di lokale kyrkjelyd er perfekt, men fordi du ved di deltaking og ditt bidrag vil tilføre noko som vil setje farge på kyrkjelyden. Kyrkjelyden er nemleg summen av oss som samlast.

I evangelia fortel Jesus ei likning om ein rik mann som gav tenarane sine ansvar for å forvalte egedomen sin medan han sjølv drog på ei lengre reise. Alle tre tenarane fekk ansvar, og eigaren fortalde kva han forventa av dei. Han ville at alle skulle gjere sitt beste ut frå dei føresetnadane dei hadde. Nokon ble det forventa mykje av og andre noko mindre. Bodska-pen i likninga er at ALLE har NOKO å koma med. Alle har ei rolle å spele i fellesskapet.

I kyrkjelyden som du høyrer til, har du ein plass. Du har ditt liv og di erfaring. Du har noko å koma med. Kyrkje-



lydane våre vil bli mykje rikare om det ikkje berre er dei med store talent som kjem, eller slepp til. Alle har noko å koma med, og det er når vi slår saman alt vi er og har til saman at vi kan få til noko ut over det vanlege.

Men kva skal det vere? Eg spelar ikkje noko instrument og ikkje kan eg halde andakt!

Nei, men har du ei yrkeserfaring eller livsbakgrunn som kan nyttast inn i kyrkjelyden på ein eller annan måte? Har du ei interesse eller hobby som kan kombinerast med noko som skjer i kyrkja? Er du glad i å vere saman med born eller unge?

Og enklast av alt: Det bidraget vi alle kan gje til kyrkjelyden er å oftare ta del i gudstenester og andre arrangement i vår lokale kyrkjelyd. Ta oss tid til å helse på nye menneske. Bestemme oss for å besøke ei som bur åleine. Invitere nokon på eit måltid mat eller til å bli med på ein tur. Invitere nokon med i kyrkja.

Alle vi som ER kyrkja har fått del i ansvaret med å dele tid, liv, tru og talent med andre. Når vi alle gjer dette vil kyrkja vår bli revitalisert og fornya på ein meir radikal måte enn vi nokon gong kan oppnå ved berre å vedta ein ny strategiplan eller handlingsplan.

Difor ynskjer vi deg velkomen til å ta din plass i di lokale kyrkjelyd!



Ruth Berit Garfors, frivillig pinnebrødinstruktør på 1-2-3 dagane i Naustdal.

# Fredrik og Ine

For nokre generasjonar sidan, då sunnfjordingane ikkje var så vane med å sjå framandfolk vanke her i bygdene, vekte det alltid interesse med nye ansikt. Ved søndagsmiddagen måtte dei kyrkjefarande gjerne gjere greie for kven som var der i dag, og var der nokre ukjende, var spørsmålet kvar dei kom frå. Og sjølvsagt var det spesielt interessant dersom det var ein ny prest som forretta gudstenesta.

Tekst: ANNBjørG EIKSUND HESSELBERG

Foto: ANNBjørG E. HESSELBERG  
og FREDRIK BRÅTTVIK



Helg og Heim-redaksjonen har fått kontakt med eit nytt tilskot til kyrkja i Sunnfjord, og når bladet kjem ut, har nok ganske mange møtt nyepresten. Han tok til i tenesta 1. august. Så kven er han?

Fredrik Bråttvik held på å legge siste hand på verket, før han kan ordinerast til prest. Han har studert på Menighetsfakultetet, og har alt gjort unna praktikum. Denne hausten skal han, ved sida av halvstilling i Sunnfjord, fullføre masteroppgåva si der, med det interessante temaet «Kjærlyghet i Johannesevangeliet – sett opp mot antikkens vennskapsbegrep».

Ved si side har han kona si Ine, som er utdanna og arbeider som barnevernspedagog. Dei har busett seg i Førde, og er sjølvsagt spente på nye jobbar og nytt miljø.

Dei har flytta inn i eige hus i Førde i sommar, - ja, overtakinga trefte til å vere på 2 års-bryllaupsdagen deira! No er dei godt i gang med å innreie heimen sin.

Vi møtest der, og kaffekanna står klar, saman med dei arva rosekoppene som Ine er så glad i. Praten går lett, kontaktpunkta er ikkje vanskelege å finne. Det er forfriskande å utveksle tankar med dei begge. Noko av dette skal Helg og Heim-lesarane få del i.

– I ei tid med stort behov for nyrekruttering til kyrkjelege stillingar, går vi like godt rett på sak og spør Fredrik: *Kvifor har du gjort dette yrkesvalget?*

Og sidan Fredrik er austlendig, let vi han svare på sitt eige mål:

– Helt til jeg var kommet langt ut i pauseåret etter videregående, hadde jeg ingen tanke om å studere teologi. Men så var jeg på et lederseminar på en festival i regi av KFUK-KFUM, der biskop Halvor Nordhaug underviste. Vi snakket sammen i etterkant, og han lot falle ord om at det jo kom til å bli bruk for nye prester framover. Han våget å utfordre meg på dette yrkesvalget. Jeg hadde aldri

tenkt den tanken før, men den begynte å arbeide i meg. Jeg vandret rundt på Vossevangen, der vi var på festival, og bearbeidet saken.

Heldigvis er studiet bygget opp slik at man kan starte med et ett-årsstudium, og deretter velge hvilken påbygging man vil ta, og hvilket nivå man vil sikte mot. Etter hvert ble det veien mot «vigslet tjeneste», og jeg opplevde at den veien åpnet seg etter hvert som jeg gikk.

– *Kunne det vere noko i din bakgrunn som hadde ført deg i denne retninga?*

– Selv om morfar hadde vært prest, misjonsprest i NMS faktisk, hadde det aldri blitt foreslått eller tenkt at jeg skulle gå i hans fotspor. Jeg kom jo til bevisst tro bl.a. gjennom leir-opphold, og var med i menighetens barne- og ungdomsarbeid, men så vel egentlig for meg flere andre yrkesvalg før teologi. Gud har sine måter å lede oss på, og for meg har det nok vært en kontinuerlig opplevelse av Guds kjærlyghet for meg som har ledet meg inn på og holdt på den retningen.

– *Eg hørde ein av dei andre prestane seie: Det skal bli godt å få ein ung medarbeidar! Ja, vi ser jo at de begge er unge, men kan vi få alder og fødestad, kanskje?*

– Jeg er født i Ngaundere i Kamerun i 1993, så jeg er i mitt 30. år. Og Ine, hun er født i Stavanger, to år seinere. – Og vil leserne finne ut mer om oss, er vi åpne for kontakt! – seier Fredrik med eit smil.

– *Du meiner tydelegvis at Den Norske Kyrkja har ei viktig rolle å spele framleis, endå om mange ikkje synes å bry seg så mykje om kva kyrkja held på med. Kanskje kan vi seie at det bles motvind frå mange kantar. Kva er din hovudmotivasjon for å velje ei teneste som ikkje nødvendigvis vert berre lett?*

– Først og fremst tenker jeg at Gud ønsker å møte alle mennesker med sin kjærlyghet i Jesus Kristus, selv om det kanskje ikke er en bevissthet om det i samfunnet generelt. Jeg opplever meg heldig som kjenner Gud, og jeg har fått noen trossstyrkende erfaringer underveis, så jeg vil gjerne formidle Jesus! Og så vil jeg gjerne ha fokus på det sentrale i

den kristne tro. Det er jo mye som kan skape støy i og rundt kirken.

Det står mye om kirkens enhet i Bibelen, og jeg har et sterkt ønske om å bidra til den, både innad i Den norske Kirke og på tvers av kirkesamfunn, seier Fredrik. Og Ine gir uttrykk for at dette er noko dei er mykje opptekne av og står saman om.

Jeg har sansen for å arbeide i folkekirken, der vi har så mange kontaktmuligheter, legg nyepresten til.

– *Ja, kva er kyrkja sine viktigaste oppgåver, og kva har du sjølv mest lyst til å arbeide med?*

– Det har jeg vel nesten svart på! Men jeg ser jo på meg selv som en ennå ung fyr, som kan ha litt å bidra med når det kommer til ungdommer. I høst skal jeg være med på konfirmanntarbeidet både i Jølster, Førde og Naustdal – og ellers stå til tjeneste der jeg trenges, med hovedfokus på Naustdal og tilknytning til kirkekontoret der.

– *Kva ser du som di rolle?*

– Først og fremst kan jeg kanskje være en samtalepartner for dem som ønsker det, og vil gjerne være en veiviser på troens vei. Jeg vil gjerne ha kontakt med både unge og eldre. Og dessuten tror jeg faktisk jeg kan utfordre ungdommene litt når det gjelder uteliv... ja, jeg mener selvfølgelig friluftsliv!

– *Det må vi få høyre meir om! Noko av det som fortel kven vi er, er jo nettopp kva vi brukar fritida til. Intervjuaren har registrert diverse saker i heimen, som kan vere nyttige å ha – om du t.d. skal overnatte ute. Er du speidar, eller?*

– Tror nok at jeg har hatt ord på meg for å være en «apekatt» i oppveksten – klatret der det gikk an å kla-



tre! Speider har jeg aldri vært, men det forhindrer jo ikke å trives med villmarksliv – noen ganger med det enkleste utstyr, andre ganger noe mer komfortabelt utstyrt. Ine foretrekker nok det siste, i alle fall i dårlig vær.

Dessuten er jeg glad i alle typer ballspill!

Og Helg og Heim sin utsende medarbeidar kan bekrefte at Fredrik ser ut til å vere bygd for både volleyball og korgball.

– *Men tilbake til teologien, Fredrik. Kva var det du sa om masteroppgåva – kvifor dette temaet?*

– Det er for tidlig å gå ut med detaljer nå – kom igjen om to måneder! Men i en tid da kjærlighetsbegrepet flittig både brukes og misbrukes, vil jeg undersøke Bibelens tale om dette. Da er det nærliggende å gå til apostelen Johannes, som jo tematiserer kjærligheten i sitt evangelium og sine brev. For at det ikke skal bli for omfattende, konsentrerer jeg meg om Johannesevangeliet. Og så levde jo Jesus i antikkens tid, så det er spennende å

holde hans budskap opp mot de klassiske tenkerne. – Nå er jeg så motivert for å komme skikkelig i gang! Oppgaven skal fullføres i løpet av høsten.

Vi kan ikkje anna enn ønske lykke til og glede oss til resultatet. Og etter det vi kan sjå, er heimekontoret innreda for gode arbeidsøker.

*Kva så med Ine – kven er ho, utover det å glede seg over roseskoppar og bake nydelege kanelnurrar, og kose seg med å stelle i stand ein triveleg heim?*

Det har vi jo til fulle oppdaga: Dei to oppfatar seg som eit team, og kan 'spele ball' om viktige tema – med noko ulike utgangspunkt, men som Ine seier:

– Vi oppdaget at vi har felles verdier!

Nei, ho passar så absolutt ikkje inn i kategorien bakgrunnsnynt, bevisst og engasjert som ho er. Stavanterjenta har vakse opp i Misjonskirken, i ein sosialt engasjert heim. No har ho fått jobb i Sunnfjord kommune, men det verkar ikkje som tittelen «prestekone» er av-

skrekkande heller.

– *Du har eit sjølvstendig og krevande yrke – kvifor valde du nettopp dette?*

– Jeg har sett behovene, og jeg har sett hva hjelpetjenester på sitt beste kan være. Selvsagt er det krevende å arbeide med folk som har det vanskelig. Jeg er jo ennå ny i arbeidet, og det er mye å sette seg inn i. Men jeg opplever et godt og støttende arbeidsmiljø, og det betyr mye!

– *Har du gjort deg nokre tankar om det å vere gift med presten Fredrik?*

– Som sagt – vi er et team. Men han er jo først og fremst mannen min, og vi trives med livet sammen – enten vi slapper av med en god film hjemme i sofakroken, er ute i skog og mark eller utforsker byen Førde og omgivelsene. Sammen vil vi gjerne ha et hjem der folk kan føle seg velkommen – og jeg elsker å lage mat i det nye kjøkkenet mitt her!

Ja, det er alt blitt ein heim å kjenne seg velkommen i – og vi takkar for både mat og prat!

## MATSOLIDARITET:

# Gjev oss i dag vårt daglege brød!

Vi et mykje brødmat – til frukost, niste og kveldsmat, og gjerne ein bolle til kaffien. Men kva slags brød? Av kveite, som det no er mindre av, og som andre treng meir enn oss? Bør vi bli meir solidariske i matvegen?

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

**Fram til 1970-talet** importerte Norge all matkveiten vi brukte. Dei seinare åra har andelen norskprodusert kveite auka. Året 2021 var eit godt kornår, og norskandelen kom opp i 65 %, ei gledeleg utvikling. Men med vårt ustabile klima varierar kvaliteten på kornet, og når ikkje dei fastsette kvalitetskrava til matproduksjon. Vi er difor heilt avhengige av import, og krigen i Ukraina, tørke og klimaendringar, samt auka gjødsel- og drivstoffpriser, gjer marknaden usikker.

Råvareprisane og energiprisane aukar, og då blir dei fleste varer dyrare å produsere og transportere. Bakeria og andre matvareprodusentar får auka kostnader, og brødet blir dyrare.

Når no prisane aukar på så mange område, betyr det mykje for oss forbrukarar at maten ikkje blir for dyr. Men kan vi kreve at maten skal vere billig?

På Naustdal Dampbakeri sitt utsal på Kronborg bugnar det med luftige kveitebollar, wienerbrød og skulebollar, og i hyllene er det brød i alle variantar. Heidi Kjosnes kjem inn frå bakrommet med eit fat med nybakte godsaker. Ho fortel at dei merker uroa. Råvarene er dyrare, og dei har vært nødt til å heve prisene. Heldigvis ser det ut til at kundane har godtatt prisauka, seier ho.

**Dagleg leiar Martin Berntsen** har mykje på hjartet.

– Det er klart vi er uroa. Heldigvis er ikkje vi råka av straumkrise i same grad



*Blir dette luksusmat framover? Hos Naustdal Dampbakeri tilbyr Heidi Kjosnes freistingar som no kostar litt meir.*

som dei lenger sør. Men vi samarbeider med andre, og veit at fleire bakeri kanskje ikkje vil klare seg. Kva skjer om bakeria må leggje ned? Vi er den einaste matleverandøren som leverer ferske varer dagleg til butikkane.

*– Er eit lokalt bakeri opptekne av solidaritet med dei landa som ikkje har økonomi til å importere korn til sine eigne innbyggjarar?*

– Ja, kjem det spontant. – Korleis kan vi ha samvit til å karre til oss alt vi vil ha,

når heile Midt-Austen og Nord-Afrika treng dei same råvarene? Då blir det lita mening i det vi held på med. Men eg trur ikkje så mange tenkjer i dei banene. Vi skulle gjerne nytta meir norsk korn, men kvaliteten er for ujamn, så vi er avhengige av importert korn. Eg trur og at kostnadene med å produsere god nok kvalitet på kornet i Norge blir for høge. Og eg trur nok ikkje kundane godtek at vi går ned på kvaliteten på brødet. Vi ynskjer fortsatt å ha fokus på god kvalitet. Dermed må vi godta at prisane blir høgare. Om vi firer

på kvaliteten er vegen kort til at kundane vel vekk det ferske brødet, og då mistar vi det volumet som trengst for å levere dagleg.

– *Kva gjer de for å møte utfordringane?*

– Vi er avhengig av innkjøpsavtalar, og vi er små overfor matvarekjedene. Men det skjer ein del på landsplan. Ny teknologi kan hjelpe oss å styre kor mykje butikkane skal ta inn av varer, og då kan ein redusere matsvinnet. Det er jo forferdeleg at det blir kasta så mykje mat, og her er det mykje å hente. Vi er og med i ordninga To Good to Go, der ein kan kjøpe mat som er til overs på kafeane våre mot slutten av dagen. Og nye direktiv kjem med pålegg om mindre svinn i alle ledd, så eg vil seie at bransjen gjer ein god del.

Martin Berntsen har eit ynskje til slutt:

– Kvar av oss må vere bevisst at maten vi et er ein del av ein større samanheng. Alle har eit medansvar for å kaste mindre, og vi må godta at maten blir dyrare for at fordelinga av resursane skal bli rettferdig.

**Jenny-Marie Håland** driv Erketunet gardsbakeri i Gjesdalen i Jølster, og kafé og landhandel på handelshuset Alti i Førde. Ho sel økologisk brød av ulike kornsortar.

– Eg nyttar norsk kveite frå Holli Mølle. Då kan eg få mjøl frå mange produsentar, og kvaliteten kan variere. Dermed kan bakeresultatet bli ulikt. Men det har eg lært meg å leve med. For meg er det viktig å utnytte dei norske råvarene, og eg nyttar gjerne gamle norske kornslag som spelt og emmer. Dei gir meir smak, mettar meir og er sunnare.

Dei store aktørane er avhengig av stabil og høg kvalitet på mjølet, og kan ikkje gjere



*Jenny-Marie Håland sel bakarvarer laga av norsk mjøl.*

som Jenny-Marie. Dermed er det for liten etterspurnad etter norsk mjøl.

– Mykje av det norske mjølet held ikkje kvalitetskrava og går difor til dyrefor, fortel ho. – Mykje meir av det norske kornet burde nyttast til menneskemat.

**På Erketunet** sel Jenny-Marie andre varer òg, noko frå lokale produsentar, men òg langreist kaffi, te og delikatesser. Importøren som ho får kaffien frå, har direkte kontakt med produsentane.

– Eg veit at eg får god kvalitet til ein rett pris, der produsentane har gode arbeidsvilkår og akseptabel løn, seier ho. – Det må jo og vere ein måte å vise matsolidaritet på.

### Matsolidaritet

Uro i verdsmarknaden og følgjande høgre prisar vil nok vare ved. Vi veit at andre land har større behov for kveiten enn oss. Verdens Matvareprogram WFP, som sikrar matforsyning til områder i krise, seier at rundt 40% av kveiten dei kjøper inn er frå Ukraina.

Bør vi vise matsolidaritet? Bør vi legge om vanane våre? Kan vi godta brød der vi nyttar mjøl av lågare kvalitet? Er vi villige til å betale meir for dei gode brøda vi er vande med?

Kanskje vi må endre synet på vårt daglege brød.



Bufetat



**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på

[fosterheim.no](https://fosterheim.no)

## SISSEL VARTDAL, DEN NYE KYRKJEVERJA I SUNNFJORD:

# – Eg brenn for kyrkja og det lo

Sissel Vartdal møter oss på Kyrkjetunet i Førde. Kontordøra står open. «Det skal den som regel gjere», smiler ho. «Eg ønskjer å vere ein tilgjengeleg og synleg kyrkjeverje!»

Ho er frå Vartdalsbygda på Sunnmøre, men har frå 20-årsalderen hatt Bergen som heim og base for eit breitt arbeidsfelt med overordna leiaransvar på landsbasis og lokalt. No er ho godt i gang med å gjere seg kjend med alle dei tilsette i Sunnfjord kyrkjelege fellestråd, og etter kvart med alle dei ti kyrkjene og dei 14 gravplassane i kommunen.

Tekst: REIDAR EIDE Foto: JOY TAYLOR

Sissel leiger hus på Espeland i Gaular, men vekependlar frå heimen i Bergen.

– Det tenkjer eg skal gå fint. Bilen fungerer både som framkomstmiddel og rekreasjon. På Espeland lever eg tett på naturen, medan eg har alt eg treng i byen. Eg har høyrte at det er mange flotte fjellturar i Sunnfjord. Det gler eg meg til å utforske nærare! Eg ser også fram til å få vere med på søndagsgudstenester og anna aktivitet i alle dei ti kyrkjene våre.

### Gode spor å gå i!

– Kyrkja og folket som høyrer til, er viktige byggesteinar i lokalsamfunnet. Difor brenn eg for kyrkja, og for rolla mi som kyrkjeleg leiar og forvaltar.

God forvaltning er å nytte alle tilgjengelege ressursar, både materielle og immaterielle, best mogleg slik at kyrkja kan fylle sitt oppdrag. Dette er sentralt for kyrkja som trussamfunn og folkekyrkje. I tillegg spelar kyrkja ei viktig rolle i samfunnet ved å trygge barn og unge sine

oppvekstvilkår, etablere ulike møteplassar, gjennom omfattande bruk av frivillige og ved å samarbeide og vere tilgjengeleg for det offentlege hjelpeapparatet – og folk – når dei store krisene skjer. Kjenneteikn på eit godt samfunn er sterke sivile aktørar, der har kyrkja framleis ein naturleg plass.

Eg veit at Sunnfjord har mange ressursar. Her er svært dyktige og trufaste tilsette på alle arbeidsfelt. Her er engasjement og kompetanse, kort sagt gode spor å gå i for meg som ny. Oddvar Etnestad og Inger Hageberg Øvrebo har gjort godt arbeid før meg.

Eg er veldig glad for tilliten eg har fått, og vil gjere mitt beste for å vere ein god leiar for alle tilsette i kyrkja i Sunnfjord.

### Leiaren

Sissel Vartdal har ei brei leiarerfaring. Ho kjem frå jobb som seniorrådgjevar i Kyrkerådet der ho arbeidde med oppsummering av høyringa om kyrkjeleg organisering. Åra før

var ho den første HR-sjefen i Kyrkerådet der hovudoppgåva var å flytte prestane frå staten og over til ein sentral kyrkjeleg arbeidsgjevar. Ho har vore nestleiar og medlem av Kyrkerådet og har også bakgrunn frå bispedømmeråd og Mellomkyrkjeleg råd. Ho har vore personalsjef i Sjømannskyrkja, prosjektleiar for Demokratireforma, og mange år som kyrkjeverje i Fjell kommune ved Bergen. Den første kyrkjelege leiarstillinga var som administrasjonsleiar for Bergen kyrkjelege fellestråd.

### Stort engasjement

– Mange overordna sjefsstillinger dette, Sissel. Korleis trur du det blir no å jobbe lokalt «på landsbygda»?

– Det gler eg meg verkeleg til! Eg har hatt spennande oppgåver sentralt i kyrkjeorganisasjonen, men det er lokalt kyrkja lever og er til for folk. Dei over åtte åra som kyrkjeverje på Sotra, ein kommune i sterk vekst, er ein god ballast å ha i denne jobben. Eg har eit stort engasjement, og har fått ansvar og tillit i tråd med dette. Det har gitt meg god oversikt i det kyrkjelege landskapet. Eg har sett og erfart at «alt heng saman med alt», og at kyrkjeleg teneste tek mange former. Og eg får og bruke engasjementet mitt på fritida. Eg har vore frivillig i Kirkens SOS i mange år, både som telefonvakt og no som styreleiar for landsstyret i Kirkens SOS. Kirkens SOS er Noregs største krisetelefon, og livsviktig for mange, difor er og dette ei teneste eg brenn for.

### «Vi skal vere synlege og delta!»

– Kva ønskjer du å få til som kyrkjeverje her i Sunnfjord?

– Som tidlegare nemnt; det blir min jobb å ha ansvaret for best mogleg forvaltning av ressursane, både økonomisk og menneskeleg. Som kyrkjeverje skal eg syte for gode rammer rundt arbeidet, både for kyrkjefaglege stillingar, for administrasjonen og for dei som har sitt daglege virke i kyrkjer og på kyrkjegardar. Vi skal bygge god intern samhandling, og gode relasjonar eksternt. Til folk, lag og organisasjonar i byen og bygdene rundt, til Sunnfjord kommune og til andre aktørar. Vi skal vere synlege og delta der det er naturleg å delta.

Vi har ti kyrkjebygningar og 14 gravplassar å ta vare på. Dei har si viktige historie, og folket i bygdene er knytt til dei gjennom gudstenester og elles i glede og sorg. Her i Sunnfjord har det vore gode vedlikehaldsplanar og godt arbeid. Mitt ansvar, saman med mine tilsette, blir å vidareutvikle, ta vare på kyrkjene og stelle fint på gravplassane.

### Fylle oppdraget som kyrkje

– I år er det «Frivilligheitas år». Det minner oss på at alt i kyrkjelyden er avhengig av at mange brukar fritida si til felles beste. Det er dei flinke til her i Sunnfjord i alt av barne og ungdomsarbeid, idrettslag så vel som i dei kristne organisasjonane. Eg er glad for kvar enkelt medarbeidar og den samla kompetansen dei representerer, men frivilligheita er heilt avgjerande for at vi skal greie å vere kyrkje!



# kale engasjementet!

## Eg gler meg!

– Ny storkommune og pandemi..?

– Vi er heldigvis over i «steg to eller tre» i disse prosessane. Den verste smittebølga er vonleg over, men vi må hugse at mykje arbeidstid i kyrkjelydane i Noreg dei siste par åra har gått med til å planlegge og gjennomføre smitteverntiltak i alt frå gudstenester, kyrkjelege handlingar elles, trusopp-læringa, diakoniarbeidet og korverksemda. Det er godt å kunne planlegge og gjennomføre kyrkjeleg aktivitet innanfor kjente rammer igjen.

Så er vi ikkje lenger fire kommunar, men ei. Dei fire kyrkjekontora i Sunnfjord skal bestå, og med gode arbeidstil-høve for alle. Utfordringa er å få til ei heilskapleg tenking og best mogeleg utnytting av våre samla ressursar. Eg gler meg til å snakke med og bli kjent med kvar enkelt av dei tilsette no i haust.

– Til sist, Sissel: Du har travle tider framfor deg. Korleis slappar du av?


– Eg brenn for jobben min, men er og glad i fritid. Vere med vener og familie, lese bøker og ha ei god veksling mellom friluftsliv og byliv.

Helg og Heim ønskjer lukke til!



MALER RUNE  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!



fb.me/malerskilbrei  
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?

Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde

# Senioruniversitetet i Førde – staden der ein

Korleis kan det ha seg at ein i Førde har eit fellesskap der ein kan høyre interessante foredrag, kjøpe svele og kaffi, og reflektere over store, vanskelege spørsmål? Kort sagt bli litt klokare?

Tekst: NELLY RAMSTAD og  
SOLRUN ULLALAND

Sokneprest Ingvald Andersen Frøyen utfordra Kunstgruppa i Førde til å fortelje om Senioruniversitetet i Førde til Helg og Heim. Vi tok med glede mot denne oppgåva.

## Ho ønskte «noko å bryne seg på»

Då telepensjonisten Dagunn Klakegg «flytta heim igjen til Førde» ved milleniumskiftet, etter å ha vore vekependlar frå Bergen, kjende ho sagn etter det rike kulturtilbodet som ein storby kan tilby. Ho hadde vore ivrig etter å høyre foredrag på Senioruniversitetet i Hordaland som var starta av Jakob Skarstein i 1997. Ho ønskte «noko å bryne seg på» og «å strekke seg etter» sjølv om ho vart pensjonist. Kanskje ein kunne skipe sitt eige Senioruniversitet – i Førde?

Og det vart ikkje berre med tanken. Først vart alle pensjonistgruppene i Førde inviterte til eit møte for å drøfte om ein skulle starte ein førelesingsserie etter same mønster som Senioruniversitetet i Bergen. Desse gruppene møtte så til eit skipingsmøte: Lions club Førde, Odd Fellow v/losje Fjordlenken, Postpensjonistane, Telepensjonistane, Pensjonistlaget i Førde, Landslaget for off. pensjonister, og danna eit interimsstyre med leiar Dagunn Klakegg.

**Senioruniversitetet i Førde vart skipa 28. juni 2000**, og Dagunn Klakegg vart vald som leiar dei første 4 åra. Ein la opp til å drifte organisasjonen på same måte som Senioruniversitetet i Hordaland og prøvde å få dei same foredragshaldarane som hadde vore i Bergen, til å gjeste også Førde.



Frå førelesingssalen i SUiF 2016 der Per Steinar Melås foreleste om temaet «Ta vare på hjernen din». Foto Monrad Kolstad.

Årsmeldingane syner at foredragshaldarane var ei blanding av regionale og tilreisande folk, og tema kunne variere mellom samfunnsanalyser, f.eks. 'skilje kyrkje/stat' og lokale forhold 'når fjellsidene tek til å «vembe»'.

Talet på tilhøyrarar på førelesingane var lenge omkring 40 – 50. For å auke interesse vart det sett opp plakatar i nabo-kommunane – og etterkvart sendt e-post til medlemmane med informasjon om foredragshaldar og tema. Kvart medlem fekk og oversyn over førelesingane det kommande halvåret. Meldingar kom og på «Det skjer» i Firda, og derved vart tilhøyrartalet nesten fordobla.

Etter kort tid vart det etablert undergrupper innafor ulike særinteresser:

**Filmgruppa** starta 24. januar 2001. Kontaktpersonen i filmgruppa vart endå ein heimflytta telepensjonist, Målfrid Haveland, og ho er framleis med. Kinosjefen i kommunen er gruppa sin fagperson. Ho fortel at det brukte å vere skikkeleg festleg på styremøtet som vart halde når kinosjefen kom tilbake frå filmfestivalen i Haugesund og kunne vise innhald frå nye filmar. Ut frå kinosjefens liste med framlegg til seniorfilm kunne gruppa velge filmar dei meinte var høvelege for framvisning

på føremiddagskino, 1 gong per mnd. 3-4 gonger per halvår. Talet på selde kinobilletter kunne variere betydeleg og gruppa diskuterte kva ein kunne gjere for å auke interessa for desse kvalitetsfilmene. Kanskje ville ein førehandsomtale på møta på senioruniversitetet saman med ein smakebit av innhaldet verke positivt. Ein merka seg og at få møte fram viss seniorfilmen vart sett opp i samband med store høgtider og ferier, - så for seniorar hadde barn og barnebarn høgste prioritet. Og kanskje var film som kunstform mindre akseptert som kulturtilbod enn f.eks. litteratur i denne befolkningsgruppa? Men trass i varierende besøkstal, valde ein å halde fram med dette tilbodet.

**Operagruppa** kjendest som den mest vågale gruppa å starta opp, men er blitt eit stabilt og ettertrakta tilbod.

I 2002 arrangerte Berit Tveit ein gruppetur til Paris. Målfrid Havelands stemme vert full av glede når ho fortel om turen der ho var med. Eit lite fylgje reiste frå Førde til Paris der dei besøkte kunstutstillingar, såg på skulpturar og bygningar og var på OPERA. Dei var så opprømte at dei begynte å snakke om å danne ei operagrupper i Førde. No var det komme i gang operaframvisningar på Nordfjordeid, - så kva kunne stå i vegen for ein operagrupper

# blir litt klokare

petur? Gruppa vart danna same året. Då vart det arrangert busstur til Nordfjord- eid, og deltakarane såg haustens framsy- ning, samt runda av turen med middag på Gloppen hotell. Deltakarane på tu- rane vart kvar gong imponerte over kva denne bygda i Nordfjord greidde å pre- sere og utføre alt på ein glimrande måte. Dei fann at «dette er kultur på sitt aller beste». Berit Tveit takka av etter nokre år, men Målfrid Haveland m. fl. heldt fram med å arrangere turane.

Opera Nordfjord er ei stifting som vart realisert etter initiativ frå Kari Stan- dal Pavelich og Michael Pavelich i 2000. Dei samarbeider med profesjonelle og lokale institusjonar, som f.eks. Eid VGS og Firda VGS om m.a. kulisseyrbeid, kos- tymesaum, lysseting, hår og sminke, så vel som song og dans.

Det har ikkje vorte arrangert operatu- rar dei siste 2 åra – men i år skal gruppa av stad igjen for å sjå/høyre «la Traviata».

**Litteraturgruppa** er nemnd i årsrappor- ten frå 2003, og i 2010 vart gruppa delt i to. I den eine gruppa valde deltakarane ut kvar si bok frå bibliotekaren si anbe- falingsliste. Bøkene gjekk så på omgang. Når alle hadde lese bøkene ut på vårpar- ten, møttest deltakarane til ein diskusjon.

I den andre gruppa vart samtalen om- kring innhaldet i bøkene gjort meir sys- tematisk. Litteraturliste frå bibliotekar inneheldt eldre og nyare litteratur i ulike sjangrar: krim, noveller, lyrikk, romanar m.m. Frå denne lista kunne deltakarane komme med framlegg om bøker, og alle deltakarane fekk låne same bok. Det vart arrangert samtalemøte om ei bok per må- nad, 3-4 bøker per 1/2år. Ein analyserte bøkene, som språk, lesaroppleving og innhald. Møta vart haldne på biblioteket. Litteraturgruppa har fungert på denne måten sidan, men aktiviteten i gruppa stansa opp i 2020.

**Kunstgruppa** er den yngste av særgrup- per i Senioruniversitetet i Førde. Etter at Folkeuniversitetet hadde avslutta den første kunsthøyringsserien i Førde med mag.art. Terje Hauken i 2012, danna Da-



*Kunstgruppa viser fram utbrettsida med bileteveven «Kyrkjeåret». Frå venstre: Kari Eikås, Solrunn Ullaland, Astrid Juklestad, Ragnbild Schei Fauske og Nelly Ramstad.*

## **BOKSLEPP:** Etter mange utsetjingar kunne endeleg Senioruniversitetet si Kunstgruppa i presentere boka «Kunstverk i Førde kyrkje».

Tekst og foto: Hanne Schnitler

Det er ikkje enkelt å gje ut ei bok. Det fekk Kunstgruppa i Førde erfare. Dei hadde planar om å gje ut eit lite hefte om kyrkjekunsten, men skal ein få gode bilete, må det betre papirkvalitet til. Dermed blei det bok med stive permar, printa hos Natvik i Florø. Ei utfordring var å få presentert Maren Erland si biletevev «Kyrkjeåret» i boka. Trykke- riet løyste det ved å leggje inn ei dobbel utbrettside i boka.

gunn Klakegg ei gruppe av interesserte personar. Føremålet var å auke interessa for og å få betre forståing av eldre og nya- re kunst. Deltakarane skulle kunne gå på utstillingar saman, samtale om kunstopp- levingar og reise på turar saman. Dagunn var leiar i gruppa dei første 4 åra og i desse åra vart det arrangert turar til Roma, Ber- lin, Bergen og rundt Jostavatnet.

I 2018 heldt Kari Eikås eit minisemi- nar for medlemmene: 'Kva ein skal sjå et- ter når ein går på kunstutstilling'. Dette «analyseopplegget» har vorte brukt på dei seinare kunstvandringane der ein har fordelt kunstverka på fleire personar, som så har førebudd seg på å analysere verket for dei andre i gruppa, f.eks. på skulptur-

I samband med gudstenesta søn- dag 3. juli, vart det bokslepp. Leiar av Senioruniversitetet, Astrid Juklestad, fortalde under kyrkjekaffien om prosen- sen og utfordringane med å utgi boka. Senioruniversitetet har hatt det øko- nomiske ansvaret, medan kunstgruppa har hatt ansvar for innhaldet. Solrunn Ullaland og Kari Eikås i Kunstgrup- pa fekk æra av å presenterte den flotte boka.

Sokneprest Ingvald Frøyen fortalde at boka vil bli nytta på i arbeidet, og kyrkja har kjøpt inn bøker til bruk m.a. i konfirmantundervisninga.

Ei vakker bok er det blitt, med grun- dig informasjon og gode foto (dei fleste tatt av Dagrunn Reiakvam), ei bok som viser kva for verdiar vi har i Førde kyr- kje.

vandringar i Førde. På denne måten har gruppa «analysert» alle dei 28 utadørs skulpturar som finnest i byen.

I Tidsrommet 2019-2022 har to med- lemmer av Kunstgruppa samla fotografi og informasjon om kunstverka i Førde kyrkje og fått framstilt ei bok på Natvik Prenteverk AS, Florø – men historia om den boka er jo alt fortalt, i Helg og Heim nr. 4 2021.

Nye medlemmer i SUiF er velkomne! Møt fram i Førdehuset til den annonserte førelesinga, løys billett i billettluke, men meld frå om namn, tlf.nr og e-post til ved- kommande som står i døra

# Takk til frivillig Nattcuparrangør Arve Endal



Arve Endal vert takka for innsatsen av Hildur Thingnes, leiar i KFUK-KFUM Førde.

Året 2022 er året for Frivillighet, og då høver det godt å trekke fram innsatsen til Arve Endal.

Tekst og bilde: SOLVEIG MASDAL HAUGSVÆR

Arve Endal frå Førde har vore med å arrangert Nattcup for konfirmantar i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn 40 gongar over 30 år!

Han har hatt ansvar for førebuing og gjennomføring av fotballturneringa som har pågått gjennom heile natta på desse Nattcupane, og det har han gjort med stødig hand og med eit smil om munnen. Medhjelparar har kome og gått, men ingen har halde på like lenge som Arve!

På Vårfest i regi av KFUK-KFUM Førde i april i år vart han takka for innsatsen med ei høveleg gåve og ein stor TAKK!

Nattcup for konfirmantar vert frå i år avløyst av Konfirmantfestival. Den skal gå av stabelen i oktober og skal samle konfirmantar frå heile Sunnfjord til ein innhaldsrik dag på Sande. Dette blir eit samarbeid mellom KFUK-KFUM Sogn og Fjordane, KFUK-KFUM Førde, Bjørgvin bispedømme og kyrkjelydane i Sunnfjord. Vi gler oss til å skape nye gode tradisjonar og kanskje vert Arve å finne i ei eller anna rolle der også?

## Vakuumveka i år var på Førde barneskule

Siste veke før skulestart var 51 born samla til aktivitetsveke i kyrkja si regi. Nytt i år var å ha Vakuumveka på Førde barneskule. Som tidlegare år var det både tur og kanopadling. Fleire kasser med lego og Duplo var nytt i år, og bygging i alle slags former var populært. Tema i år var «Paulus og den verdsvide kyrkja». Det resulterte i framsyning i kyrkja, med song, drama og tekstlesing.

– Vi gler oss allereie til neste år, seier trusopplærar Gry Sætre.



Imponerende innsats av alle deltakarane på Vakuumveka.  
Foto: Hanne Schnitler



Eiril Håberg, Sunniva Tørring-Jørgensen og Sina Toft Figenschau synest lego er topp!  
Foto: Gry Sætre

Velkommen til  
KFUK-KFUM  
Førde sitt arbeid  
blant barn og ung-  
dom skuleåret  
2022/2023!



## KFUK-KFUM speidarane

Friluftsliv for jenter og gutar i 4. - 7. klasse, kvar torsdag kl. 18.30 – 20.00, med base på Førde kyrkjetun. Kontaktperson: Stig Jonny Fitje, tlf. 90082650.

## Deciding, Førde Ten Sing

For ungdommar t.o.m. vida-regående skule. Song, band, dans, drama, leiartrening, multimedia, leik og moro. Kvar tysdag kl. 19.00 – 21.30 på Førde kyrkjetun. Kontaktperson: Gry Sætre, tlf. 90 94 93 16.

## SportY Sunnfjord

For ungdommar t.o.m. vida-regående skule. Ikkje-konkurranseretta idrett, friluftsliv og leik. Kvar måndag på Slåtten skule kl.19.00 – 20.30. Kontaktperson: Andreas Stokka, tlf. 48210437.

## Hausttreff på Nesholmen

30. september – 2. oktober arrangerer KFUK/KFUM Sogn og Fjordane årets leiroppleving: Hausttreff for ungdom på Nesholmen Leirstad. Sjå eiga annonse for påmelding.

# Historisk dag for Ulrik

Dåpsfeiring på  
Instedalen skule i  
Naustdal.

Tekst: RIGMOR FRØYEN,  
sokneprest i Naustdal

Vi håpa lenge å kunne feire dåp ved Vonavatnet 12. juni, men vermeldingar gjorde at vi valde alternativ 2, å vere inne på Instedalen skule. Det høvde bra, sidan delar av familien er heimehøyrande på Savland, og feiringa skulle vere i skulehuset.

Kyrkjeutstyret med alterbord, lysestakar og fine kyrkje-tekstilar gjorde at gymsalen vart omskapt til kyrkjerom. Bunadskledd dåpsfølgje, inn i prosesjon akkompagnert av Naustedalen spelemannslag, gjorde dåpsgudstenesta høgtideleg og fin. Etterpå var det mat og prat. Jofrid Fimland og Arnhild Fimland stilte med kaffi og natronkaker, og andre hadde også med godsaker som alle fekk smake på. Under kyrkjekaffien fekk vi også musikk, og praten gjekk medan vi trampa takta til vals



Dåpsbarnet Ulrik Grette Savland og dåpsforeldre Anders Savland og Maja Mathea Solberg Grette. Foto: Adelin Leufstadius.

og reinlender. Vesle Ulrik vil nok få høyre forteljninga om den fine dåpsdagen i Inste-

dalen, den dagen det regna ute, men det var varm og god stemning inne.



## Misjonsmesse

Laurdag 5. november  
Førde kyrkjetun kl 12-17  
Open kafé heile dagen!

Med laurdagsgraut, karbonade-smørbrød, kaffi med kaker!  
Program med innslag og fokus på NMS. Gjest: Reidar Standal. Lynlotteri, åresal, lykkehjul m.m.

Vil du bidra? Ta kontakt:  
Messekomitéen  
rigmor.froyen@gmail.com  
Tlf. 489 57 436



## Årets leir for ungdom på Nesholmen!

Leiren vert 30.9. til 2.10. 2022.  
Info om leiren og påmelding,  
bruk QR-koden under.




## Loppemarknad

1. oktober 2022 kl. 10-14  
Lotteri og kaffi m.m.

Vi ønsker leikar, møblar i god stand, servise, gode barneklede, aktivitetsutstyr, el. artiklar, kjøkenutstyr, pynteting. Vi hentar eller tar imot store ting frå 15. september. Kontakt Jostein Tjugum, tlf. 41 56 96 38, på sms el. på e-post [jostein.tjugum@enivest.net](mailto:jostein.tjugum@enivest.net)

FØRDE KYRKJETUN, TLF. 99 15 13 07  
[WWW.KYRKJA.NO/FORDE](http://WWW.KYRKJA.NO/FORDE)



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjø heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen MinMenighetsportal.

## STØRST AV ALT

Trusopplæring i Naustdal sokn:

### Spiren

– Babysong på Naustdal kyrkjelydshus. Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre.

Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal være ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe.

Kl. 11.15 til 12.45. Program frå 11.30 – ca. kl. 12.30. OBS Nytt klokkeslett

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

Datoar hausten 2022: 24. august, 7. og 21. september, 5. og 19. oktober, 2., 16. og 30. november.

### Førsteklasses - Samling for 6-åringar.

Du som er vorten førsteklassing er velkomen til laurdagsgraut laurdag 24. september kl. 13.00 på Kyrkjelydshuset

i Naustdal. Etterpå skal vi i kyrkja og snakke om det å få nye vener og dele ut ei fin bok og eit arbeidshefte. Invitasjon kjem i posten.

### 4-år

Laurdag 22. oktober og søndag 23. oktober er det 4-åringane sin tur. Laurdag kl. 15.00 vert det samling på kyrkjelydshuset, og søndag kl. 11.00 gudsteneste i Naustdal kyrkje med bok-utdeling. Invitasjon kjem i posten.

### Lys Vaken

3. desember frå kl. 17.00 – 22.00 vert 11-åringane invitert til samling i kyrkja. Vi skal vere lys vakne for Gud, for kvarandre og for oss sjølv. Invitasjon kjem i posten.

### Naustdal barnekor

Øving kvar onsdag. Det vert to grupper: 1. og 2. klasse øving frå kl. 14.00 – 14.30.

3. og 4. klasse øving frå kl. 13.15 – 13.45. Dirigent er Erlend Os.

Trusopplæring i Førde sokn:

### 0 – 1 år:

### Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

### 1 - 3 år:

### Krøllesamling

Song og formidling frå kl. 17.15 til 17.45 på Førde Kyrkjetun.

14. SEPTEMBER

for barn 2 ½ til 3 år

21. SEPTEMBER

for barn 2 ½ til 3 år

28. SEPTEMBER

for barn 2 ½ til 3 år

2. NOVEMBER

for barn 1 til 2 ½ år

9. NOVEMBER

for barn 1 til 2 ½ år

16. NOVEMBER

for barn 1 til 2 ½ år

### 10 – 12 år: Ope hus

Førde Kyrkjetun, ungdomslokalet i 1.etg., kl. 18:00 – 19:30. Vi har leikar, formidling, spel, kiosk med sal av blant anna pølse med brød.

- 9. september
- 21. oktober
- 18. november

### «Familiesøndag» - nytt tilbod for heile familien!

• 11. september kl. 16.00 på Slåtten skule i samarbeid med KFUK KFUM speidarane.

Det blir leikar og aktivitetar for barna. Ta med grillmat!

• 30. oktober kl. 16.00 på Førde Kyrkjetun i samarbeid med KFUK KFUM Førde.

Sal av middag og aktivitetar for barna.

• 20. november kl. 16.00 i Førde kyrkje i samarbeid med Normisjon.

Søndagskulesamling i Tårnstova og avslutning med vandring. Ta med kaffimat!

### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

#### Knøttekor

– ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

#### Aspirantkor

– ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

#### Jentekor

3. – 6. klasse:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: [gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no](mailto:gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no), eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester: Knøttekoret kr. 150, Aspirant- og Jentekoret kr. 200.

*Grauminne  
finn du hos oss*

**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

# 1 - 2 - 3!

Om du var i Naustdal sentrum ein av dagane før skulestart la du kanskje merke til ein gjeng born som sprang og forsvann inn i kyrkja.

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL

Foto: DELTAKARAR på 1-2-3 dagane

Var du litt nysgjerrig gjekk du inn, opna forsiktig døra og keik inn i kyrkjerommet. Der såg du born som lytta til Rigmor prest som fortalde om perler eller du hørde Helle Kartveit frå NMSU som fortalde om dei fire t-ane vi kan dele med andre, tru-talent-tid-ting.

Om du venta litt, såg du dei springe til Naustdal kyrkjelydshus. Der vart dei delt i grupper og tok til med ulike aktivitetar. Tok du turen bakom kyrkjelydshuset ville du sjå ein fin gjeng ivrig opptekne med å lage trebåtar.

Gjekk du opp i andre etasje var der ein gjeng som malte, fine maleri på lerret eller på steinar frå naturen.



Frå venstre: Signe Marie Årdal-Stubaug, ungdomsleiar Andrea Fagerheim Aase, Emma Oliva Dvergsdal Helgås, Inga Eimhjellen Aarsbog, leiar Marit Grete Våge Apneseth, Ronja Slettemark, Torje Fresvik Engebø og Andreas Erdal.

Og tok du turen ned på stranda var der òg ein gjeng. Dei var samla rundt ei bålpanne der dei steikte pinnebrød. Stod du der lenge nok ville du sjå at det vart dessert òg. Bannan med sjokolade.

Ein fjerde gjeng sprang rundt med kamera og tok bilde av alt som skjedde.

Det du hadde vore vitne til

var gjennomføring av 1-2-3 dagane til Naustdal kyrkjelyd. Undertittelen på dagane er: «Eg – eit skapande menneske?!»

Gud har skapt oss og naturen rundt oss, kva kan vi skape?

Dagane vart avslutta med utstilling og ein liten basar der foreldre, besteforeldre og

søsken var invitert. Det kom inn kr 2 700,- til NMSU sitt arbeid i Thailand.

Dagane var gjennomført med god hjelp av ungdomsleiarar og vaksne som hadde ansvar for dei ulike gruppene.

Stor takk til deltakarar, ungdomsleiarar og andre leiarar for tre fine dagar.

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstattelig arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380

NY, LOKAL BOK:

## “Kunstverk i Førde kyrkje”

Flotte foto i heile boka!  
Du får kjøpt boka i Norli bokhandel, hos Fotograf Reiakvam, på Senioruniversitetet, eller hos Solrun Ullaland, mobil: 992 99 650, e-post: solulla@online.no. Pris kr. 390,-

Senioruniversitetet  
i Førde

Prosjekt Kunstverk i Førde kyrkje

“Eit smykeskrin av ei bok”  
E. Natvik,  
Florø



# AKTUELT I KYRKJELYDANE

## 10-kaffi

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

## Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med!

## Kyrkja i byen

Omlag kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00



sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

## Kvinneweekend

«Mødre i Bønn» arrangerar kvinne-weekend på Førde Gjestehus og Camping 23. - 25. september. For program og informasjon, ta kontakt med Ingunn Osen Lervik, tlf. 928 39 451.

## Samtalegruppe – for deg som har mista ein som stod deg nær

Dette vil vere ein stad der du kan dele tankar og erfaringar med andre som opplever liknande situasjon. Tilbodet er ope for deltakarar frå andre kommunar. Gruppesamlingane vektlegg erfaringsdeling, men kan også ha faglege innlegg.

Arrangørar er Helse Førde, Kyrkja og Sunnfjord kommune.

For informasjon og påmelding kontakt diakoniarbeidar Ingvar Vagstad, tlf. 911 38 732, [ingvar.vagstad@sunnfjord-kyrkja.no](mailto:ingvar.vagstad@sunnfjord-kyrkja.no), eller kreftkoordinator i Sunnfjord kommune Berit Ullebust, tlf. 948 24 254, [berit.helen.ullebust@sunnfjord.kommune.no](mailto:berit.helen.ullebust@sunnfjord.kommune.no)

## Økumenisk bønesamling

Fredag 30. september kl. 18.00

Bønesamling i Førde kyrkje for alle kristne trussamfunn i Sunnfjord kommune. Vi ber for verda og for vårt eige lokalsamfunn. Uformell møteplass der vi kan treffe andre vi deler trua med.

## Loppemarknad på Førde Kyrkjetun

Laurdag 1. oktober kl. 10.00 – 14.00

Velkommen til hyggeleg loppemarknad og kafé på Førde Kyrkjetun! Leiker, barnekle, servise, pynt og møblar kan få nye eigarar denne dagen.

## Konsertar Førde kyrkje

TIRSDAG 4. OKTOBER

kl. 17.30 Haustkonsert med alle kora i kyrkjelyden

FREDAG 21. OKTOBER

kl. 19.00 Orgelkonsert med Iver Kleive

SØNDAG 23. OKTOBER

kl. 19.00 Jubileumskonsert – Førde Kyrkjekor 50 år!

LAURDAG 19. NOVEMBER

kl. 17.00 Førde kammerkor: «Te Deum» av Charpentier, med solistar, kor og instrumentalt akkompagnement.

## Misjonsmesse for NMS Sunnfjord

Laurdag 5. november kl 12.00 – 17.00:

Velkommen til inspirerande messedag på Førde kyrkjetun. Open kafé heile dagen! Sal av handarbeid, lefser, heimelaga syltetøy m.m. Variert program, åresalg, lynlotteri og lykkehjul for dei minste.

Dagen skal inspirere til innsats for NMS og kyrkja sitt verdsvide arbeid. Talar vert Reidar Standal, tilsett i NMS Sogn og Fjordane frå 1983 til 1992.

# RIKKE

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



Naustdal  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

57 72 41 40  
[dampbakeriet.no](http://dampbakeriet.no)



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi leverer også kjøkken, bad og garderobe!  
Du finn oss på Halbrendsøyra i Førde.

[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa  
Førde - Bergen



## Basar i Naustdal kyrkjelydshus

Laurdag 22. oktober

Det var mykje folk og god stemning då kyrkjelydshuset arrangerte basar i fjor.

No prøver vi igjen; med basar, to åresal og hovudlotteri.

Kafeen er open frå kl. 12.00.

Om du har lyst å gje ein gevinst, kan den leverast på Naustdal kyrkjelydshus.

Fleire arrangement er under planlegging, men ikkje avklart i det bladet går i trykken. Vil du ha meir informasjon om det som skjer, kan du ta kontakt med kyrkjekontora.

ALT I ● SPORTSKLEDE  
● SPORTSUTSTYR  
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport

**INTERSPORT**  
Førde

# Deciding 50 år!

I år er det 50 år sidan Førde Ten Sing Deciding starta opp, og det har vore Ten Sing arbeid i Førde, utan avbrekk, sidan den tida.

Tekst: ELSE OSMUNDNES KVAMSÅS

Foto: LARS BJARTE OSLAND



Mange ungdommar har drive med kor, band, dans, drama, lydteknikk, video, leik og mykje meir i løpet av desse åra. Mange ungdommar har fått utfordringar og ansvar, og har utvikla seg gjennom dette. Heldigvis skal mange ungdommar få drive med Ten Sing i Førde framover, i tråd med Ten Sing ideologien «Ungt ansvar, voksent nærvær».

I samband med Deciding sin vårkonsert 11.juni var

det feiring av 50-årsjubileanten. Ein fin gjeng med tidlegare Decidingarar møttest på Kyrkjjetunet for øving og mimring, før dei fekk med seg vårkonserten til Deciding. Mot slutten av konserten fekk jubileumskoret slepe til. Etter konserten var det bursdagsfest på Kyrkjjetunet med god mat, meir mimring og svært god stemning.

For tidlegare Decidingarar var det kjekt å sjå enga-

sjementet og kreativiteten til ungdommane som er med i dag. Dei leverte ein imponerende konsert der dei fekk vise fram det dei har arbeidd med siste året. Ten Sing har utvikla seg, sidan starten i Førde i 1972, og i Norge i 1968, og den gjeldande ungdomskulturen har vore det som har styrt innhaldet. Men noko har vore fast; samhaldet og moglegheita til å få utvikle seg og vere seg sjølv.

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



*Astrid*  
**Blomster**

Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946  
57 82 19 77 / foto@reakvam.no  
reakvam.no

**X**  
**EXTRA**

NAUSTDAL

**B**  
**Best**

NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

Her er liste over planlagte gudstenester. Det kan bli endringar!

Følg med i Firda og [www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no), eller kontakt kyrkjekontoret.

## SØNDAG 25. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar og innsetjing av Fredrik Bråttvik.

Førde kyrkje 13.00

Vevring kyrkje 15.00

## SØNDAG 16. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00

Holsen kyrkje 11.00

Dåpsgudsteneste

Gudsteneste

Gudsteneste

Gudsteneste

## TORS DAG 6. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00

Naustdal kyrkje 11.00

Førde kyrkje 16.00

Gudsteneste

Gudsteneste

Minnegudsteneste

## TORS DAG 29. SEPTEMBER

Haukedalen kyrkje 19.00 Mikkelmesse  
Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 23. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00

Naustdal kyrkje 11.00

Utdeling av 4-årsbok

Familiegudsteneste

Familiegudsteneste.

## SØNDAG 13. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00

Naustdal kyrkje 11.00

Vevring kyrkje 15.00

Holsen kyrkje 19.00

Gudsteneste

Familiegudsteneste

Familiegudsteneste

Gudsteneste

## FREDAG 30. SEPTEMBER

Førde kyrkje 18.00 Økumenisk bønemøling

## TORS DAG 27. OKTOBER

Førde kyrkje 19.00

Kvardagsmesse

## SØNDAG 20. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00

Førde kyrkje 13.00

Gudsteneste

Dåpsgudsteneste

## SØNDAG 2. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 30. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00

Haukedalen kyrkje 11.00

Instedalen skule 16.00

Gudsteneste

Gudsteneste

Gudsteneste

## TORS DAG 24. NOVEMBER

Førde kyrkje 19.00

Kvardagsmesse

## SØNDAG 9. OKTOBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 27. NOVEMBER

Førde kyrkje 11.00

Naustdal kyrkje 19.00

Familiegudsteneste

Lysmesse

## Kyrkjeskys Førde kyrkje hausten 2022

Treng du skys til gudsteneste søndag klokka 11.00? Då kan du ringje telefonnummera på lista nedanfor.

For meir informasjon kontakt kyrkjekontoret måndag-fredag kl. 8 – 15: Tlf. 57 82 81 80. Kyrkjeskysen er gratis.

### 4. SEPTEMBER:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

### 11. SEPTEMBER:

Elin og Gunnar Flatland tlf.  
90850245/91301371

### 18. SEPTEMBER:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 91819561

### 25. SEPTEMBER:

Gunnar Johannessen  
tlf. 91727191

### 2. OKTOBER:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

### 9. OKTOBER:

Elin og Gunnar Flatland  
tlf. 90850245/91301371

### 16. OKTOBER:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 91819561

### 23. OKTOBER:

Gunnar Johannessen  
tlf. 91727191

### 30. OKTOBER:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

### 6. NOVEMBER:

Elin og Gunnar Flatland  
tlf. 90850245/91301371

### 13. NOVEMBER:

Per Ingolf Nygård  
tlf. 91819561

### 20. NOVEMBER:

Gunnar Johannessen  
tlf. 91727191

### 27. NOVEMBER:

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

Kan du tenkje deg å stille som sjåfør? Ta kontakt med diakon Anita!

Anita Øvreås Rusken, diakon, Tlf: 90068514



### Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



ARKI  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no

FARGERIKE  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

Førde Fargehandel %s

Tlf. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

Gode tilbod på flis, belegg, stein,  
ferdigplén, støttemur, kvit singel.  
Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

[www.brufliis.no](http://www.brufliis.no) tlf. 90 61 96 54



Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde



## DØYPTE

### FØRDE KYRKJE

24. APRIL  
Sara Aamot Holsæter  
Jenny Dvergsdal Aase  
Johannes Aam Bringeland  
Even Leknes Raftevold

15. MAI  
Ivar Hestad  
Samson Kornelius Årdal  
Aurora Akse Erle  
Evelina Hermundsplass  
Flaten

29. MAI  
Sander Holsen Fugle  
Signe Heggheim Malis  
Bjarne Johan Marsfjell  
Reiakvam

5. JUNI  
Marie Furevik Følstad  
Ella Olivia Nydal  
*Døyp i Ålhus kyrkje*

12. JUNI  
Theo Bruland  
*Døyp i Sande kyrkje*

19. JUNI  
Astrid Hansen Nesheim  
Vårin Walle Kirketeig  
Magnus Blehr  
Jakob Oliver Solheim Høyvik

10. JULI  
Noah Maximilian Cortez  
Hånes  
Leo Lillehaug Rønning  
May-Ingrid Kollanes  
*Døyp i Meland kyrkje*

24. JULI  
Ludvig Johan Jervell  
Søgnen

31. JULI  
Marcus Berger-Nilsen  
Øksenberg *Døyp i  
Krossundkrossen*

7. AUGUST  
Emil Systad Kilnes

Felix Dobosz Håvik  
Matheo Ripe Jakobsen

14. AUGUST  
Olai Mjåseth Nygård  
*Døyp i Helgheim  
kyrkje*

21. AUGUST  
Johannes Tefre Solheim  
Kasper Aas Bjørset  
Mathias Stølvik Gjertsen  
Live Furevik

### HOLSEN KYRKJE

15. MAI  
Ellinor Holsen Hegrenes

26. MAI  
Vilma Kastet Langedal

### NAUSTDAL KYRKJE

5. JUNI  
Elias Horstad Berge

12. JUNI  
Ulrik Grette Savland  
*(døyp på Instedalen skule/  
grendahus)*

7. AUGUST  
Jens Erdal Glittum  
Henny Slettehaug Vatn

### VEVRING KYRKJE

8. MAI  
Selma Sekse Horne

## GRAVFERD

### FØRDE KYRKJE

29.04. Anders Bekken f. 1950  
03.05. Odne Johan Kvamme f. 1961  
05.05. Inger Berger-Nilsen f. 1929  
12.05. Karen-Margrethe Brede f. 1944  
Sverre Aasen f. 1947  
13.05. Arne Brevik f. 1933  
20.05. Åsbjørn Hegrenes f. 1957  
24.05. Per Bruland f. 1940  
27.05. Kåre Lien f. 1940  
08.06. Vigdis Aalen f. 1956  
16.06. Herborg Øvrebø f. 1924  
17.06. Oddrun Kvamme f. 1930  
21.06. Idrun Indrebø f. 1934  
28.06. Dagfrid Roska f. 1930  
Einy Mo f. 1924  
19.07. Berit Hallerud f. 1935  
26.07. Jenny Kvammen f. 1923  
John Norvald Kirkeli f. 1932  
28.07. Gunnar Stensrud f. 1947  
29.07. Siri Oddrun Ødelien f. 1938  
02.08. Georg Torvald Dalen f. 1934  
11.08. Jenny Farsund f. 1925  
16.08. Erik Slåtten f. 1938  
19.08. Tore Loftheim f. 1954

### HAUKEDALEN KYRKJE

22.07. Erling Hage f. 1934

### HOLSEN KYRKJE

30.06. Norvald Tormod Husetuft f. 1938  
15.07. Ragnvald Nydal f. 1934  
18.08. Borghild Margrethe Holsen f. 1925

### NAUSTDAL KYRKJE

15.07. Sigurd Buanes f. 1930  
04.08. Oddvar Henrik Aamot f. 1937

## VIGDE

### FØRDE KYRKJE

7. mai Florijoy Macasalabang Tagadtag  
og Dan Inge Flatjord Herland  
4. juni Reidun Myhre  
og Holger Eindride Aasen  
Nina Johanne Vallestad  
og Kai Ove Flæte  
11. juni Nadine Isabelle Humblen  
og Håvard Stølen  
25. juni Marianne Bjørvik  
og Eirik Trontveit

23. juli Eirin Lund-Førde  
og Miriam Lund-Førde  
30. juli Kristina Austrheim Bratten  
og Arild Hafstad  
20. aug Karoline Holsen Kyte  
og Halfdan-Emil Færø


### Sunnfjord Museum

14. mai Stig Magne Spjutøy og  
og Rigmor Johanne Kandal

2. aug Elisabeth Sjøstad Ekroll og  
og Steffen Sjøstad Hoddevik

### NAUSTDAL KYRKJE

9. juli Torstein Bergheim Aa  
og Marion Haugsdal  
16. juli Håkon Klæbu og  
og Kristine Einen Larsen  
30. juli Torstein Holsen  
og Nina Iren Vonon



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Historisk dag på Seljevollen

Det er alltid litt nervepirrende å satse på friluftsgudsteneste.

Tekst: RIGMOR FRØYEN,  
sokneprest i Naustdal  
Foto: RUNE MOLVIK

Dagane før 26. juni var det ymse og skiftande meldingar. Vi våga å satse, med paraply

og presenning i bakhand. Sokneprest (underteikna) vart noko mismodig då det kom små dropar allereie ved første salme. Organist Rune gøymde pianonet under plast-dekke, og kyrkjelyden vart nok litt usikre på korleis dette ville gå. Det kjendest som eit under at det vart med nokre få dropar, og mørke skyer over oss.

Skyene letta undervegs, og då vi avrunda med siste strofe

på «Alle fugler»: – Takk at Gud oss enn en gang, gav oss sol og glede – kjendest det som eit Guds under, då sola kika fram. Ei vakrare ramme for friluftsgudsteneste må ein nok leite lenge etter!

Sigrud Horne og Marit V. Apneseth hadde funne fram gitar og songstemmer. «O, store Gud» høvde svært godt denne dagen! Familiane på Seljevollen, Anders Seljevoll og Arve og Jorunn Seljevoll, hadde funne fram ljå og slåmaskiner og sørga for at det var slått og raka på bøen. Det vart servert mykje godt attåt kaffien. Alle delte av sitt, og

husfolket hadde nok sørgja for noko ekstra. Folk kosa seg vel og lenge etter gudstenesta. Arve slo fast at dette måtte bli ein årleg tradisjon. Utfordringa er gitt, og soknerådet må vurdere dette når det lakkar og lir mot vår igjen. Vi takkar for hjarteleg velkomst og velvilje frå folket på Seljevollen. Det vart ei stor oppleving for mange av oss som ikkje hadde vore på staden før. Og første gongen i historien vart det feira gudsteneste på denne staden – så langt vi kjenner til.



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)